

† KYRKJEHLSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 2 MAI 2012
37. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	45 63 68 93
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
Margrethe R. Ådland, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roger Breivik
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Merethe Mjelstad
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



På fjellet Tabor, som ligg i Israel mellom Genesaratsjøen og Nasaret, skal det ha skjedd som Rafael har måla på framsida: Forklaringa eller transfigurasjonen på berget. Her fekk tre av læresveinane for ein augneblink sjå eit glimt av Jesu guddommelege natur, og forstod for fullt at han var noko meir enn eit vanleg menneske.

Jesus hadde teke med seg Peter, Johannes og Jakob opp på dette fjellet, og der blei Jesus forvandla framfor augo deira. Andletet hans skein som sola, og kleda blei kvite som lyset. To menn frå Det Gamle Testamentet, Moses og Elia, synt seg og snakka med Jesus. Samstundes kom det ei røyst ovanfrå som sa: "Dette er sonen min, han som eg elskar. Høyr på han!"

Hendinga står nedskriven hjå både Matteus, Markus og Lukas, og Peter fortel sjølv om det i eit av breva sine. På biletet ser vi at dei tre læresveinane er slegne til jorda som vitne til hendinga. Jesus, Moses og Elia svevar over fjellet og flyt i lufta som om dei er vektlause. Kunstnaren har vore nøye med detaljane. Ser vi på tærne til Jesus, sprikar dei i lause lufta. Men Rafael har også gjort eit anna grep. Inn i motivet om hendinga på fjellet har han måla ei forteljing til frå Bibelen like under, som om dei to hendingane går føre seg samstundes. I Bibelen er det skildra slik at hendinga med den sjuke guten går føre seg etter at Jesus og læresveinane kom ned att frå fjellet, der det står fortalt om ein far som kom til han med sonen sin. Han forklarte at ei vond ånd hadde teke bustad i guten. Slik det står skildra, er det rimeleg å tru at guten leid av epilepsi, og slik har Rafael også tenkt det. Vi ser guten har eit utbrot, munnen og augo er vidopne. Samstundes er det tydeleg at det berre er han som ser det som hender over, oppe på fjellet. Berre den sjuke ser Jesus, og slik blir han berga. For det står at Jesus gjorde han frisk.

Rafael var ein av dei store italienske målarane frå renessansen, og dette er det siste biletet han laga før han døde i 1520, berre 37 år gamal. Kunstnaren var svært populær i si samtid, og fekk kvilestad inne Pantheon, den store bygningen midt i Roma frå keisartida. Der kan vi framleis sjå grava hans.

- Kristoffer Foldøy

No livnar det i lundar

Elias Blix sin salme frå 1875 gav han først ut anonymt med tittelen "Gudeleg vårsong" i samlinga "Nokre salmar, gamle og nye". Han står som nr 765 i salmeboka med tone av Ludvig Lindeman. Ein må lesa alle versa for å forstå tanken til Blix der han nyttar våren som bilete på den andelege oppvakninga i folket vårt.

*No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid.*

*Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord
og atter som eit under
nytt liv av daude gror.*

*Guds kyrkje lysa skulle
som høgt på berg ein stad,
med sumar utan kulde
og utan solarglad.*

*Guds ord vel alltid lyser,
den sol gjeng aldri ned.
Det hus som Anden hyser,
ligg støtt i ljøs og fred.*

*Men stundom kom det kulde
på Herrens kyrkjemark.
Det var som Gud seg dulde,
og borte var Guds ark.*

*Det var dei mørke dagar,
Guds ord var fåhøyrd segn.
Og hjarta frys og klagar,
det saknar sol og regn.*

*Så sende Gud sin Ande
som dogg på turre jord.
Då vakna liv i lande,
då grøddest vent Guds ord.*


*Då er det sæle tider
for Kristi kyrkjegrunn.
Då lauvast det i lier,
då livnar det i lund.*

*Då ljøsar det i landet
frå fjell og ned til fjord.
Då losnar tungebandet,
då kved Guds folk i kor.*

*Då skin det over strender
som sol ein sumarkveld.
Då gløder kring i grender
ein heilag altareld.*

*Du vår med ljose dagar,
med lengting, liv og song,
du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong,*

*då me med vigsla tunge,
med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunge
skal lova Herren vår.*



SAMAN OM GUDSTENESTA

Variasjon og det kjende

Ny ordning for hovudgudsteneste vert innført i Den norske kyrkja frå 1. søndag i adventstida 2011. Kyrkjelydane får med dette meir fridom til å prege det lokale gudstenestelivet. Dette tyder meir variasjon. Ein kan velje mellom ei rekkje alternative bøner, svar frå kyrkjelyden og ulike musikalske og visuelle uttrykk i gudstenesta. Ein slik lokal fridom er allereie innarbeida i mange andre kyrkjesamfunn.

Større rom for lokale val betyr ikkje at det skal veljast nytt for kvar gudsteneste. Gleda over det kjende, og gjentakinga, er ein del av liturgiens løyndom.

Bli med og tenk nytt!

Den nye gudstenesteordninga introduserer ein ny måte å tenkje på. Tidlegare har vi hatt òi gudstenestebok der det meste har vore fastlagt for heile kyrkja. I den nye ordninga skal kyrkjelyden i langt større grad prege profilen på gudstenesta, og fleire skal involverast i arbeidet med å førebu og gjennomføre gudstenestene.

Det mest nyskapande med denne ordninga er at soknerådet skal utarbeide ei lokal grunnordning for gudstenestelivet i soknet, i samarbeid med prest, kyrkjemusikar, andre tilsette og frivillige i kyrkjelyden. Før den lokale grunnordninga vert fastsett og sendt biskopen for godkjenning, skal soknemøtet få uttale seg. Alle røysteføre kan delta i soknemøtet. I den lokale grunnordninga er det kyrkjelyden som avgjer korleis høgmesse, og eventuelt andre av hovudgudstenestene, skal feirast i soknet.

Kyrkjelyden kan opprette eit gudstenesteutval og la menneske med ulik alder, livssituasjon og funksjonsevne delta som medliturgar. Når fleire tek medansvar for gudstenesta, får ho eit meir lokalt preg. Visjonen er ei gudsteneste for alle.

Nye musikalske uttrykk

Den nye ordninga opnar for større breidde i det musikalske uttrykket til gudstenesta. Kyrkjelyden kan velje liturgisk musikk innanfor ulike sjangrar som nyare rytmisk populærmusikk, gregoriansk musikk, folketoneinspirert musikk, nyare klassisk kyrkjemusikk – eller den musikken som har vore i bruk sidan 1977. Kor, forsongarar, orgel, instrumentalar og band kan bidra til kyrkjelyden sin song.

Ulike musikkstilar kan nyttast i same gudsteneste, eller leggjast til dei andre hovudgudstenester soknerådet vedtek.

Estetikk, stille og rørsle

Den nye gudstenesteordninga legg større vekt på det estetiske, på det vi kan sanse i gudstenesta, som bilete, drama og liturgisk dans.

Rørsler og handlingar i gudstenesterommet får større plass – prosesjonar, frambring av brød og vin, bønnevandring og liknande. Det er òg lagt større vekt på stille i gudstenesta – til ettertanke og bøn.

Norsk og verdsvid samanheng

I to tusen år har den kristne gudstenesta vorte feira – og i vårt eige land i meir enn tusen år. Kristne har kome saman på søndagen, dagen for Jesu oppstode. Heile denne tida har gudstenesta hatt ein felles grunnstruktur, med Orddelen og Nattverdsdelen som hovudelement.

Den nye gudstenesteordninga er prega av felles impulsar frå den verdsvide kyrkja. Samstundes er den djupt forankra i den norske allmennkulturen, gjennom vekslinga mellom kvardag og helg, salmeskatten og gjennom dei verdiar den kristne gudstenesta har formidla inn i det norske samfunnet.

Saman for Guds andlet

Vi kan ha ulike grunnar for å gå til gudsteneste. Den djupaste grunnen ligg likevel ikkje i oss sjølv, men i at Gud kallar oss saman. Her tener Gud oss med sine gåver, og vi tener Gud i bøn og lovsong.

Alt som skjer i gudstenesta, er prega av at vi er saman for Guds andlet. Desse fire orda seier noko viktig om kva gudsteneste er. Dette vert tydeleg når gudstenesta vert avslutta med dei urgamle orda:

”Herren velsigne deg og vare deg. Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig! Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred!”
(4 Mos 6, 24-26).

Med denne velsigninga vert vi sende ut til kvardagens teneste for Gud, våre medmenneske og alt det skapte.

Den nye gudstenesteordninga omfattar:

- Ordning for hovudgudsteneste
 - Ordning for dåp
- Regelverk for gudstenestelivet
 - Tekstbok
 - Liturgisk musikk
- Ny salmebok og koralbok
(planlagt utgjeve i 2013)

Meir om gudstenestereforma:
www.kirken.no/gudstjeneste

Gudstjenestemateriell i forbindelse med gudstjenestereformen i Den norske kirke
- Permer / bøker - Digitale utgaver

MEIR DIAKONIARBEID I GJERSTAD

Det nye soknerådet på Gjerstad har oppnemnd eit diakoniutval på tre personar. No har dei planar om å koma meir på offensiven.

Tekst og foto: Kristoffer Foldøy

Kyrkja vår har diakoniarbeid som eit av satsingsområda for soknerådsarbeidet. Dette tek dei no på alvor i Gjerstad sokneråd, og vil gjerne nå ut med informasjon om tenestene sine.

Eli Kvåle Hovden er leiar i utvalet. Saman med Ruth Hauge og Lillian Bjørnseth vil ho prøva å få til ei besøksteneste som eit tilbod til slike som treng nokon å snakka med. Folk flest er travelt opptekne med sine gjermål og har kanskje ikkje tid til å stikka innom for ein prat med ein nabo eller slektning som er åleine.

”Vi skal ikkje tilby heimhjelp eller helsetenester. Besøkstenesta er for sosial kontakt”, seier Eli Kvåle Hovden. ”Vi vil lytta og samtala. Det kan vera heilt kvardagslege ting vi snakkar saman om.”

Ho fortel at eit viktig område vert å oppsøkja slike som kjem heim etter å ha blitt utskrivne frå sjukehus. Det kan lett verta ein brå overgang frå nettverket ein har rundt seg på sjukehuset, til lange dagar heime åleine. Derfor har dei oppretta kontakt med koordinator for frivillighjelpa på Haraldsplass, Ingeborg Fauskanger, som er svært glad for at dette samarbeidet er kome i stand.

Soknerådet driv også anna arbeid som fell inn under diakoni. Dei organiserer kyrkjeskys for dei som treng det, og kvar tysdag klokka 11.00 er det andakt på Osterøytunet.

”No vert det spennande å sjå om det vert mange som tek kontakt med oss”, seier Eli, som til dagleg arbeider som sjukepleiar. ”Så får vi prøva å sjå desse menneska og lesa deira behov så godt vi maktar”.

”Og så har vi sjølvsagt teieplikt”, legg ho til.

**DIAKONI ER KYRKJA SI OMSORGSTENESTE.
DET ER EVANGELIET I HANDLING OG BLIR
UTTRYKT GJENNOM NESTEKJÆRLEIK,
INKLUDERANDE FELLESSKAP, VERN AV
SKÅPARVEKET OG KAMPEN FOR RETTFERD.
- KYRKJERÅDET**

KYRKJESKYSS GJERSTAD SOKN

Dersom du treng skyss til gudstenestene, ta kontakt med:

Roger Breivik **91382424**
Kjellaug Hartveit **56390146/97025127**
Agnar Vevle **56394353**



Leiar i Gjerstad sokn sitt diakoniutval, Eli Kvåle Hovden. Her i sofaen heime framføre biletet nevøen hennar, Bjørn Are Evjen har laga av eit varmt og bankande hjarte.

BESØKSTENESTE I GJERSTAD SOKN

Gjerstad kyrkjelyd ynskjer å tilby besøksteneste/sosial kontakt. Besøkstenesta blir utført av frivillige og vert administrert av diakoniutvalet. Dette er eit tilbod for alle aldersgrupper. Kanskje du treng ein å snakke med, eller ein som vil lytta til det du har på hjartet.

Du bestemmer sjølv samtaleemne og alt blir underlagt teieplikt. Me har og eit samarbeid med Ingeborg Fauskanger som er koordinator på Haraldsplass diakonale sjukehus. Ho formidlar kontakt med oss dersom det er ynskjeleg ved utskriving frå sjukehus.

Ynskjer DU å vita meir om besøkstenesta i Gjerstad sokn, har DU ynskje eller behov for besøksven?

Kontaktperson for diakoniutvalet er
Eli Kvåle Hovden tlf 95195097 (kveldstid)

Gjerstad sokneråd, diakoniutvalet.

LITT FRÅ OSTERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD SI ÅRSMELDING

Fellesrådet si årsmelding kan gje ein peikepinn på korleis det står til i dei fem sokna våre, både med kyrkjebygga og aktiviteten i og rundt dei.

Kyrkjeverja i Osterøy, Helge Kolstad, har skrive årsmeldinga. Han er dagleg leiar og sekretær i rådet. Med seg i fellesrådet har han representantar frå dei fem kyrkjesokna, ein kommunal representant og ein som representerer Bjørgvin bispedømme. Roger Breivik frå Gjerstad sokn, er leiar for Osterøy kyrkjelege fellesråd.

I tillegg til møter der dei har drøfta ulike saker, har kyrkjeverja hatt drøftingar med rådmannen om budsjettet. Av dei om lag 4,8 millionane fellesrådet hadde budsjettert med av kommunale midlar for inneverande år, fekk dei ei kommunal løyving på i underkant av 4,7 millionar.

Fellesrådet arrangerte også den årlege samlinga for alle sokneråd i kyrkjelydshuset i Haus. Då møtte 33 represantar frå sokneråda fram for m.a. å høyra prost Geir Sørebo innleia om temaet trusopplæring.

Aktiviteten rundt om i dei fem sokna er upåklageleg. Både dei tilsette og friviljuge gjer ein stor innsats. Særleg vert kantorane nemnde for deira innsats med konsertar der kor, korps og orkester er med, spesielt i samband med dei store kyrkjelege høgtidene.

Trufaste medarbeidarar og friviljuge eldsjeler legg ned eit arbeid som ikkje let seg talfesta i nokon økonomisk oversikt. Det har vore dugnader i og rundt kyrkjene, og ein del oppgåver som tidlegare vart utført av lønna personale, vert no gjort av friviljuge.

Årsmeldinga konkluderer med at alle kyrkjene er i rimeleg god stand. På Hosanger har soknerådet gjort ein stor innsats med å pussa opp sakrestiet slik at det no er topp moderne. Hamre kyrkje er behandla for mitskadar, og ved Borgstova er det sett opp nye utelys. I Haus har det vore dugnad på kyrkjelydshuset. Og ved Bruvik kyrkje har det vore dugnad i sakresti og våpenhus, lagt nytt teppe inne i kyrkja og det har vore stor friviljug innsats rundt kyrkja og på gravplassen.

I Hosanger har Osterøy kommune fullfinansiert omarbeiding av Mjøsdaalen gravplass, med plass til om lag 160 nye graver.




Kyrkjestatistikken for 2011 viser ingen dramatiske endringar i høve til tidlegare år. Tilsaman vart det skipa til 127 gudstenester, tre færre en året før. Likevel møtte det fram fleire menneske, 11 507 i 2011 mot

11 448 i 2010. Medlemstalet var stabilt, 4 melde seg ut og 2 melde seg inn.

Her er tala:

<u>TENESTER</u>	<u>BRUVIK</u>	<u>HAUS</u>	<u>GJERSTAD</u>	<u>HAMRE</u>	<u>HOSANGER</u>
GUDSTENESTER:	15 (14 i 2010)	25 (27 i 2010)	41 (40 i 2010)	27 (26 i 2010)	24 (23 i 2010)
TAL TIL STADES:	837 (801 i 2010)	2624 (2993 i 2010)	2961 (2847 i 2010)	2768 (2646)	2317 (2161)
NATTV.GJESTER:	135 (137 i 2010)	524 (527 i 2010)	643 (619 i 2010)	473 (400 i 2010)	367 (339 i 2010)
DØYPTE:	5 (3 i 2010)	14 (13 i 2010)	18 (13 i 2010)	27 (26 i 2010)	18 (15 i 2010)
VIGDE:	1 (0 i 2010)	2 (2 i 2010)	4 (4 i 2010)	1 (7 i 2010)	1 (1 i 2010)
KONFIRMERTE:	6 (10 i 2010)	29 (20)	24 (28 i 2010)	27 (20 i 2010)	17 (14 i 2010)
INNMELDE:	0 (0 i 2010)	0 (1 i 2010)	0 (0 i 2010)	2 (0 i 2010)	0 (0 i 2010)
UTMELDE:	0 (0 i 2010)	0 (4 i 2010)	1 (6 i 2010)	2 (6 i 2010)	1 (1 i 2010)
GRAVLAGEDE:	2 (4 i 2010)	9 (13 i 2010)	29 (14)	22 (14 i 2010)	24 (23 i 2010)
OFRINGAR:	Kr. 22.218	Kr. 59.459	Kr. 80.309	Kr. 56.129	Kr. 76.245

<u>TOTALT FOR OSTERØY</u>	<u>2011</u>	<u>2010</u>
GUDSTENESTER:	127	130
TAL TIL STADES:	11507	11448
NATTV. GJESTER:	2142	2022
DØYPTE:	82	70
VIGDE:	9	14
KONFIRMERTE:	103	92
INNMELDE:	2	1
UTMELDE:	4	17
GRAVLAGEDE:	86	74
OFRINGAR:	Kr. 277.656	Kr. 308.522



PÅ TUR TIL HAMRE KYRKJA OG RAKNESTUNET



Tekst og foto: Madli Kvamme Hannisdal

Pensjonistgruppa som samlast annakvar tysdag på aldersbustaden i Haus arrangerte tur til Hamre kyrkje tysdag 10 april. Vi blei tekne i mot av Kristoffer Foldøy som gav oss god undervisning og innføring i Hamre kyrkja si historie og Hamre som kyrkjestad i snart 1000 år. Med sin rike historiske kunnskap og engasjerte evne til å formidla på, gav han oss ei fin og innhaldsrik stund i den gamle ærverdige kyrkja. Tida gjekk fort og for fleire av dei eldre som var med, var dette historiestoff som dei fekk høyra for første gong.

Etter besøket i kyrkja kjørte vi vidare til Raknestunet der vi vart servert god middag. Audun Mosevoll som har lang fartstid som skribent i ulike blad og aviser og som informasjonsleiar på NLA var innom oss og held ein fin andakt. Karen Margrete Bø fortalde litt om tida ho hadde budd på Raknes og arbeidd som lærar ved Hjellvik skule. Nokre av dei som var med hadde heller ikkje besøkt Raknestunet før og fekk og høyra litt om bakgrunnen og drifta for leirstaden. Det var ei svært fornøgd pensjonist gruppe som reiste tilbake til Haus. Dette hadde vore ein kjekk dag, eller som me skreiv i skulestilane våre i «gamle dagar»; alle var einige om at det hadde vore ein gild tur.



BORGSTOVA SKAL SETJAST I STAND!

Borgstova ved Hamre kyrkje har lenge stått brakk og vore i ubrukeleg stand. No har Hamre sokneråd fått disponible midler fra Osterøy kyrkjelege fellelsråd til å setja i stand huset slik at det kan takast i bruk. I første omgang ynskjer ein å bruke det største rommet til konfirmantundervining, babysong, kyrkjekaffi og kva vi måtte koma på av idear undervegs. Nokre av dei andre romma vil også takast i bruk som lagringsplass- noko der er stor mangel på i Hamre kyrkje.

Arbeidet som no skal startast opp er skifting av vindauge og ytterdør. Dette skal snikkar ta seg av. Huset skal skrapast/høgtrykkspylast/ malast utvendig.

Innvendig skal det gjerast ein del endringar, m.a. skal det setjast opp ein kjøkkenkrok, det skal skiftast golv og det skal utførast ei del malingsarbeid. Her trengs det mange dugnadshender, spesielt til maling både inne og ute, samt litt snekkjararbeid og litt pussing av murar.


Er det nokon «der ute» som har tid til overs og samstundes har lyst til at Borgstova blir eit bygg som kan nyttast igjen, ber vi deg melde frå til ein av desse:

Merethe Mjelstad tlf. 91128934

Ivar Ole Hjellvik, tlf. 90867085

Jenny Eikeland, tlf. 97717980.

- Hamre sokneråd



KONFIRMANTAR 2012

(OPPDATERT LISTE)

29.04.2012 kl.10:00 GJERSTAD KYRKJE

JENTER:

LONE AMALIE HAGEBØ
MJELSTAD RITA HOLSEN
RAKNES TEIJA JOHANNE KATARIINA PUPUTTI
SKEIDSVOLL INGRID
SOLBERG EMILIE BIRKELAND
TEIGLAND SIGRID BRUVIK
TYSSE MARIA
VEDÅ ANNA
WALLE JULIE

GUTAR:

BERTELSEN HENRIK BERNES
DYRKOLBOTN AKSEL
HAUGE HANS PETTER
KLEPPE MALVIN
NJAASTAD EIVIND
SØGNESAND SANDER SAXSTAD
TYSSE OLE MARIUS

29.04.2012 kl.12:00 GJERSTAD KYRKJE

JENTER:

HANNISDAL ANETTE
HAUGE SIRI
JACOBSEN HANNE
SOLBERG BARBRO MJELDE
VEVLE LINE ESPEVOLL
VEVLE INGEBORG

GUTAR:

BJØRGO IVAR
BORGE HENRIK MOSLETT
HARTVEIT SJUR ASKELAND
KLEIVELAND EIRIK
LARSEN JOAR VIK
NJÅSTAD SIMON ALEKSANDER
RONGVED PETTER
SOLBERG EMIL AHMER
TEIGLAND MARIUS THOMASSEN
TYSSEBOTN NIKOLAI NESTHUS
VEVLE TORSTEIN REVHEIM

29.04.2012 kl.11:00 HOSANGER KYRKJE

JENTER:

BERNES ANNETTE
HARTVEIT MARIE VEVLE
KOPECKA EVA-MARIA
LARSEN IDA MARIE
LILAND KAROLINE
SIGLEVIK SANDRA JACOBSEN
SKRÅMESTØ SUSANNE
TEPSTAD VIVIAN
VEDÅ GRETE BECKSTRØM

GUTAR:

BALESTRAND MATHIAS GJEITREM
BRATLI KRISTER
DÆMRING OLE KRISTIAN FOTLAND
ESPELID BJØRNAR RØDSETH
HANSTVEIT IVAR MJELDE
KLEPPE ØRJAN
KLEPPE BENJAMIN BOLSET
KÅRSTAD KIM ANDRE
MARKUSSEN SANDER
TEIGLAND REIMAR RØSLAND
TYSSE MARTIN JOHANNES
TYSSEBOTN BJØRN ÅDNE OPHUS
VILLEGAS RAVN ANDRÉ TYSSE

06.05.2012 kl.11:00 BRUVIK KYRKJE

JENTER:

HAUGE CAMILLA BRUVIK
HESJEDAL MARIA
HETLEVIK LENE

GUTAR:

ASPEVIK MARTIN
HAGENES MATIAS
OLSEN JAKOB KRISTIAN SKJOLD
ROLLAND MORGAN

06.05.2012 kl.11:00 HAMRE KYRKJE

JENTER:

BIRKAAS INGRID SOFIE
BJERKLI KAROLINE KONSTANSE
DAGG ZOE NORA STRØMME
DRANGE YVONNE LILLETVEDT
GRØTTE DORTHE KARLSEN
HARTVEIT ÅSHILD MEI
HJELMELAND LENE GUNDERSEN
JACOBSEN MABEL
KALLAND MARTE SKJELVIK
KIKALL ANJA MARIE HANSTVEIT
LUNDE ANNELIN
MJELSTAD ELINE ASKELAND
REIGSTAD LOUISE
SKÅR BIANCA SØGNI
SLETTEBAKKEN HANNA ELVIK
STRANDENES STINE MARIE
TEPSTAD MALENE

GUTAR:

CHRISTENSEN KRISTOFFER
EDVARSDAL SONDRÉ VALESTRAND
EIKELAND JONAS THORELL ANGELSKÅR
ELVIK SINDRE SKÅR
HAGENES HALVOR EINAR
HAUGLAND SEBASTIAN ANDRÉ
RØSLAND GLENN IVAN OLSEN
TANGERÅS ROY HARALD MJØS

13.05.2012 kl.11:00 HAUS KYRKJE

JENTER:

ANTUN KRISTINE RIVENES
EIDSNES REBEKKA LUNDGREN
GALAZ ANNA LORENTZE FOSSHEIM
HAUGLAND ANDREA DRIVENES
MOSTRØM LISA
ROLLAND MALIN MJELDE
STOKKE SILJE LØTVEIT
TEIGLAND HELGA NYMARK

GUTAR:

HESTNES HENRIK AUSTGULEN
MJELDE SONDRÉ
MJØS MARTIN NESSESTRAND
ROLLAND DANIEL
STOKKE ANDERS MOSTRAUM
VESETH MARTIN
VIKNE EIVIND

13.05.2012 kl.11:00 VAKSDAL KYRKJE

BRUNSVIK ANNE BRITT RONGVED


EI ANNLEIS GUDSTENESTE PÅ SKJÆRTORSDAG



Kyrkjelyden samlast kring eit duka bord i midtgangen i Haus kyrkja på skjærtorsdag om kvelden. Kvar enkelt blei helsa velkomen til kyrkja av presten denne kvelden. Han stod i døra og tok i mot oss og vaska kvart enkelt sine hender med ein klut som var duppa i døypefonten.

Gudstenesta blei halden omkring bordfellesskapet og etter preika hadde vi eit enkelt kveldsmåltid saman før vi gjekk over til nattverden. Mange av dei frammøtte gav uttrykk for at dette ny og god måte å feira skjærtorsdags-gudstenesta på som vi kan tenkja oss å vidareføra til neste år.

- Madli K Hannisdal.





DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

APRIL

Torsdag 19/4-2012

Bruvik kl 19: Gudsteneste med konfirmantsamtale.
Tomren. Takkoffer til Haus søndagsskule.

Sundag 22/4-2012, 3. søndag i påsketida

Hamre kl 16: Gudsteneste med konfirmantsamtale.
Sørheim.

Sundag 29/4-2012, 4. søndag i påsketida

Gjerstad kl 10: Konfirmasjonsgudsteneste. Tomren.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl 12: Konfirmasjonsgudsteneste. Tomren.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

MAI

sundag 6/5-2012, 5. søndag i påsketida

Bruvik kl 11: Konfirmasjon. Tomren.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl 11: Konfirmasjon. Sørheim. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 13/5-2012, 6. søndag i påsketida

Haus kl 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Tomren.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Torsdag 17/5-2012, grunnlovsdag

Gjerstad kl 10: Gudsteneste. Tomren. Takkoffer til
Kirkens Nødhjelp.

Hamre kl 10: Gudsteneste. Sørheim. Takkoffer til
Kirkens SOS.

Bruvik kl 11: Festgudsteneste. NMS-Døveskulen
i Kamerun.

Haus kl 12: Festgudsteneste. Tomren. Takkoffer til
Sjømannskyrkja.

Hosanger kl 12: Festgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Sundag 20/5-2012, 7. søndag i påsketida

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Vitjing frå
Samemisjonen. Magne Gamlemshaug.
Takkoffer til Samemisjonen.

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren.

Sundag 27/5-2012, Pinsedag

Hosanger kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

Haus kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren. Takkoffer til
Osterøy søndagsskulelag.

Måndag 28/5-2012, 2. pinsedag

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
Kyrkjekaffi.

JUNI

Sundag 3/6-2012, Treeiningssundag

Bruvik kl 11: Familiegudsteneste. Dåp. Vikarprest. Tak-
koffer til kyrkjelydsarbeidet.

Raknestunet kl 11: Familiegudsteneste.
Søndagsskuleavslutning. Sørheim.

Sundag 10/6-2012, 2. søndag i treeiningstida

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Nils Arne Lavik.
Bok til 6-åringane. Takkoffer til NMS.
Kyrkjekaffi.

Hosanger kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Sundag 17/6-2012, 3. søndag i treeiningstida

Haus kl 11: Gudsteneste. Tomren. Predikant Lars Hana.
Takkoffer til ungdomsarbeid i Døvekirken.
Grilling etterpå.

Sundag 24/6-2012, 4. søndag i treeiningstida

Hamre kl 11: Høgmesse. Tomren. Nattverd.

KONSERT I BRUVIK KYRKJE

**torsdag 24.mai
med Jan Eggum.**

*Arrangør er organisasjonen Raindrop
Foundation, og overskotet frå konserten
går til eit vaksineprosjekt i Pakistan.*



Misjonsbasaren i Haus gav kjempeflott resultat

På den årlege misjonsbasaren den 10. mars var det samla ca. 70 både store og små og kom det inn 19378. kr til Haus kyrkjelyd sine misjonsprosjekt: Lovsongsheimen i Bangkok i Thailand og nytt av året; Døveskulen i Kamerun.

Trude og Tom Sverre Tomren viste bilde og fortalde frå arbeidet sitt i Kamerun. Vi fekk og anledning til å kjøpa nylaga ekte vårrullar, laga og gitt av kvinner frå Thailand som har busett seg på Osterøy. Dette var også til støtte for misjonsprosjektet som me syns er kjempeflott.

Tusen takk og til alle dykk som var med å støtta opp om misjonsprosjekta våre både gjennom loddkjøp, geyinstar og kakebaking.
- Madli K Hannisdal

KYRKJESKYSS HAUS:

Frå Sundland/Votlo: Anette Kårvatn 908 74 357

Frå Havrå/Kvisti: Signe Hannisdal 991 24 257

Frå Rolland/Mjeldalen: Madli og Olav Hannisdal
913 30 928

Pensjonistsamlingane i Haus

*Avslutningssamlinga 22.mai før ferien er
flytta fram til tysdag 15. mai kl. 12.00- i
kyrkjelydshuset.*

*Då vert det servert varm mat (middag,
dessert og kaffi) og litt ekstra kjekt program.*

*Håpar du har lyst å koma, få gjerne nokon
med deg.*

*Påmelding til Ågot Mjølkeråen
56390170*

*eller Berit Berland
56390087*

Arr: Misjons og diakoniutvalet.

Slekters gang

Døypte:

Haus

15.04.12 Elena Løtveit Dale (busett i Breim)

Gjerstad

04.03.12 Leon Skår Halland

18.03.12 Ragnhild Sture

01.04.12 Einar Larsen (busett i Hurum)

01.04.12 Kaspar Kollvangsnes

08.04.12 Martine Olsen Tysse

08.04.12 Amalie Hjellvik Wiggin

Hamre

18.03.12 Aline Giljarhus Skaar

18.03.12 Jonas André Eilertsen Brandsdal

06.04.12 Alfred Martin Børtveit

07.04.12 Eva-Maria Kopecka

07.04.12 Zoe Nora Strømme Dagg

Hosanger

05.04.12 Bjørn Ådne Ophus Tyssebotn

05.04.12 Guri Ophus Tyssebotn

15.04.12 Kenneth Amodia Thomassen

Gravlagde:

Bruvik

11.04.12 Magnar Johan Gjerstad

Gjerstad

13.04.12 Svein Kjell Vevletveit

Hamre

16.03.12 Arnfrid Reigstad

20.03.12 Sigvard M Raknes

29.03.12 Olav R Burkeland

Hosanger

09.03. 09.03. Ragna Tysse

23.03. Malmfrid Flatås

"HIMMELRIKETS BLOMSTER GROR"

**Utstilling av Borgny Svalastog sine arbeid
i Hosanger kyrkje frå 29.juli.**

Svalastog vert rekna som ein fornyar av kunst i
kyrkjeleg samanheng,.

Ho er ein markant utstillar som kombinerer sterke
verk og heilskapleg presentasjon.

"Kyrkjehelsing" kjem med ein større presentasjon av
kunstnar og utstilling i neste nummer.



ANNONSAR

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

 **BLINK HUS**

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg

 **SparebankenVest**
- satsar på Vestlandet

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINSTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR


Thunestvedt

Bergen **55 39 19 00** | Osterøy **56 19 39 00**
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

I år er det hundre år sidan

THORBJØRN EGNER vart fødd. Han er mest kjend for barnebøkene sine, som han illustrerte sjølv med karakterisk strek. Så hadde han også ei kunstfagleg utdanning. Vi kjenner han alle frå "Barnetimen for dei minste" med ei radiostemme som ikkje kunne forvekslast med noko anna. Han omsette og framførte m.a. bøkene om Ole Brumm og Kristoffer Robin på same vis som han over eteren gav liv til figurane i sitt eige fantasiunivers, også med eigenkomponerte viser. Og sist på 1950 – talet stod han bak eit heilt leseverk for grunnskulen.



Thorbjørn Egner (1912-1990)

I vår samanhang vil vi ta med ein tekst i salmeboka som Egner har forfatta. Det er ein kort tekst med ein klår bodskap. "Jeg folder mine hender små" skreiv han i 1948, og nytta ein melodi av Henrik Tofte frå 1903. I Osterøykyrkja nyttar vi mest teksten i Halldis Moren Vesaas si nynorskomsetjing, slik han står i nr. 726 i salmeboka. Songen blei av forfattaren tileigna FN-dagen 24.oktober.

*Eg faldar mine hender små
i takk og bøn til deg.
La alle barn i verda
få det like godt som eg.*

*Vern alle med di sterke hand
mot fattigdom og død,
og hjelp små barn i alle land
og gje dei dagleg brød.*

*La ikkje krig og svolt og sott
få riva lykka ned.
La alle leve trygt og godt
i fridom og i fred.*

Neste "Kyrkjehelsing" er i postkassane like før 1.juli. Frist for innlevering av stoff er **10. juni**.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no